



Haugen Vva AS
Fabrikkgaten 7B
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2434 - 19/13554

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
30.04.2019

Midlertidig brukstillatelse for delar av infrastruktur knytt til område BF1 og BK1 reguleringsplan Sjøvold - gbnr 172/26 Hopland

Administrativt vedtak. Saknr: 255/19

Tiltakshavar: Seim Bygg AS
Ansvarleg søkjar: Haugen Vva AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 04.01.18 (rammeløyve) og 19.10.18 igangsettingsløyve.

Søknad om mellombels bruksløyve gjeld for veg-, vatn- og avlaupsanlegg til bustadområde BK1 og BF1.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Veg-, vatn- og avløpsanlegg til område BF2, BK2 og B i vestre del av planen.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: veg-, vatn- og avlaupsanlegg til bustadområde BK1 og BF1
Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.08.19.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.04.19.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Hopland
----------	---------



Bygningstiltak:	Teknisk infrastruktur veg-, vatn- og avlaupsanlegg til område BF1 og Bk1
Vatn- og avløp:	Planområdet skal tilknyttast kommunalt anlegg.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for veg-, vatn- og avløpsanlegg til område BF1 og BK1 innan reguleringsplan Sjøvold/planid.: 1263-201514 på gbnr gbnr. 172/26, mellombels bruksløyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Veg-, vatn- og avløpsanlegg til område BF1 og BK1.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.08.19.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2434

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Haugen Vva AS
Seim Bygg AS

Fabrikkgaten 7B 5059
Nesbrekka 28 5912

BERGEN
SEIM

Kopi til:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM

Mottakarar:

Haugen Vva AS

Fabrikkgaten 7B

5059

BERGEN